

## KOMMENTARAR TIL REFERAT FRÅ SYNFARING 10.07.2017 VEDKOMANDE BYGGESAK PÅ GBNR 25/59 OG REGULERT GANGVEG PÅ GBNR 25/76 OG 7.

### 1. Eidedomsgrenser og krav om opparbeiding av regulert gangveg:

Under synfaringa vart det sagt klart frå tiltakshavar at det er viktig å få påvist kor grensa skal gå mellom gbnr 25/7, eigd av Tore Rikstad, og kommunal eidedom på gbnr 25/76. Dette er viktig at det vert ein hurtig avklaring på, slik at eigarforholda mellom privat og kommunal grunn er avklart før arbeid med å opparbeide gangvegen tek til.

Gangvegen er etablert og har vore i bruk i over 30 år. Det forholdet at den er «ulovleg» etablert på eidedom som kommunen ikkje eig, er eit ansvar som Radøy kommune må ta på seg å få ordna opp i ved å få påvist kor eidedomsgrensa er.

Tiltakshavar meiner klart at kostnaden med å få påvist grensa, er ein kostnad som Radøy kommune og eventuelt grunneigar av gbnr 25/7 må ta. Dette vart og formidla på synfaringa.

### 2. Kostnad med fjerning av asfalt:

Under synfaringa viste Tore Rikstad til at delar av asfalten er lagt på hans eidedom, og går ut over det arealet som er regulert til snuhammar. Slik vi forstod han på synfaringa ville han ha asfalten fjerna på det arealet som han eig. Kor mykje av asfalten som evt. ligg på gbnr 25/7 vert avklart ved oppmåling av eidedomsgrensa, jf. punktet over.

Asfalteringa i byggefeltet på Bø vart gjort i juni. Tiltakshavar meiner at kostnaden med å fjerne asfalten må ligge på Radøy kommune som eigar av veggen og ansvarleg for arbeida med asfaltering

### 3. I samtlege punkt i referatet er det vist til at avklaringar skal skje etter ferien. Av omsyn til vidare planlegging av oppstart av grunnarbeid m.m. på gbnr 25/59, ber vi om at vi kan få ein dato der vi kan forvente svar på dei forholda som skal avklarast av Radøy kommune.